



Statens vegvesen

ABO Plan & Arkitektur AS
v/ Bjørn Atle Drange
Pb. 291
5203 OS

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Unn Jenny Utne Kvam - 55516243

Vår referanse:
2011/095394-034

Dykkar referanse:

Vår dato:
05.12.2014

Framlegg til justering av planfri kryssing - Reguleringsplan - gnr. 10 bnr. 85 m.fl. - Holme - Meland kommune

Vi viser til e-post mottaken 25.11.2014 og møte 19.11.2014.

Statens vegvesen meiner det kan arbeidast vidare med denne planen på bakgrunn av den tilsendte skissa. Vi er framleis uroa for at det vert planlagt ei for trong kryssløysing.

Det må utarbeidast justerte vegteikningar før vi kan ta standpunkt til detaljar i skissa. Som opplyst i møtet, er det særleg behov for å få fram kva som er planlagt sikt og horisontalkurvatur på gang- og sykkelveg, og at rekkverksrom over kulvert ikkje kjem i konflikt med frisiktzone. Vi ser også behov for å dokumentere at det er nok areal til å kombinere lehus og mur på sørsida av fv 564.

I referatet frå møtet 19.11. 2014, står det at vegvesenet trong meir tid til avklaringar når det gjeld overvatn. Vi har no fått avklara at det området driftssida hos oss vurderer å gjere tiltak i for å betre overvasshandteringa, ligg utanfor planområdet for denne reguleringsplanen. Per i dag ligg det derfor ikkje til rette for at vegvesenet vert del av ein utbyggingsavtale knytta til undergangen/kryssområdet.

Plan og forvaltning - Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Anne Marte Espelund
for Unn Jenny Utne Kvam

Kopi: Meland kommune (e-post)

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52